



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Komite Drift	11.11.2015	034/15

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Jørgen Hopland	N - 566, Hist - 15/173	15/1169

Vegnamn - klagesak

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Komite Drift i Etne kommune vedtek følgjande vegnamn på bakgrunn av klagehandsaminga:

10. Frettevegen:	Nytt vedtak	Frettsvegen
17 Havn og 149 Markhushamn:	«	Havn og Markhushamn
21 Melandsstølen:	«	Melandsstølen
28 Matskårvegen:	«	Dette vegnamnet vert sett på vent inntil namnesaka er avgjort
31 Sæbøvikjo > Sæbøvika	«	Sæbøvikjo
37 Tonganevegen > Tangavegen	«	Industrivegen
45 Vedlene > Vellene	«	Vedlene
63 Underbakkjen > Underbakken	«	Underbakken
66 Bergevegen > Bergsvegen	«	Bergsvegen
80 Skomdalsvegen > Skumdalsvegen	«	Skomdalsvegen
98 og 99 Mortveit Vest og Mortveit Aust	«	Vestre Mortveit og Austre Mortveit
112 Tjellevegen	«	Dette vegnamnet vert sett på vent inntil namnesaka er avgjort
113 Milje Allè > Milja allé	«	Milja allè
139 Flåtevegen > Flotevegen	«	Flåtevegen
143 Kuskjærvegen > Kuskjervegen	«	Kuskjervegen
145 Øyrovegen > Øyravegen	«	Øyravegen
162 Bergstød hytteområde	«	Bergstø hytteområde
75 Auastadstølen	«	Dette vegnamnet vert sett på vent inntil namnesaka er avgjort

11.11.2015 Komite Drift

Ap – Sarah Marie Ness Haaland fremja eit omforeint endringsframlegg:

"Komite Drift i Etne kommune vedtek følgjande vegnamn på bakgrunn av klagehandsaminga:

10: Frettevegen blir framleis Frettevegen

37: Tonganevegen blir Tongane."

Røysting:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

KD- 034/15 Vedtak:

Samrøystes

Komite Drift i Etne kommune vedtek følgjande vegnamn på bakgrunn av klagehandsaminga:

10. Frettevegen:	Nytt vedtak	Frettevegen
17 Havn og 149 Markhushamn:	«	Havn og Markhushamn
21 Melandsstølen:	«	Melandsstølen
28 Matskårvegen: namnesaka er avgjort	«	Dette vegnamnet vert sett på vent inntil
31 Sæbøvikjo > Sæbøvika	«	Sæbøvikjo
37 Tonganevegen > Tangavegen	«	Tongane
45 Vedlene > Vellene	«	Vedlene
63 Underbakkjen > Underbakken	«	Underbakken
66 Bergevegen > Bergsvegen	«	Bergsvegen
80 Skomdalsvegen > Skumdalsvegen	«	Skomdalsvegen
98 og 99 Mortveit Vest og Mortveit Aust	«	Vestre Mortveit og Austre Mortveit
112 Tjellevegen namnesaka er avgjort	«	Dette vegnamnet vert sett på vent inntil
113 Milje Allè > Milja allè	«	Milja allè
139 Flåtevegen > Flotevegen	«	Flåtevegen
143 Kuskjærvegen > Kuskjervegen	«	Kuskjervegen
145 Øyrovegen > Øyravegen	«	Øyravegen
162 Bergstød hytteområde	«	Bergstø hytteområde
75 Auastadstølen namnesaka er avgjort	«	Dette vegnamnet vert sett på vent inntil

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Komite Drift hadde den 09.09.2015 føre 2.gongs handsaming av vegnamnsaka.

Etter å ha innrapportert vedtaket til Statens Kartverk slik reglane seier, har ein motteke klage

på nokre av vegnamna. Dei påklaga vegnamna skal handsamast i kommunen. Klagevedtaket skal leggst ut på ny høyring og handsamast enno ein gong etter det.

Problemstilling

Kartverket skriv følgjande:

Kartverket viser til meldinga me har fått frå Etne kommune om nye adressenamn til registrering i Sentralt stedsnavnregister (SSR). Dei fleste har fått fullt tilrådelege skrivemåtar, men nokre av namna har fått ei normering som ikkje er i samsvar med lov om stadnamn og forskrift om skrivemåten av stadnamn.

Kartverket ser seg difor nøydd til å klaga på vedtaket, jf. § 10 fyrste ledd i lov om stadnamn.

Hovudprinsippet i lov om stadnamn er at ein skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp og ta utgangspunkt i nedverd uttale ved normering av namn. I tillegg må ein ta omsyn til kva skrivemåtar som alt er registrerte som godkjende eller vedtekne i det offisielle registeret for stadnamn i Noreg, Sentralt stadnamnregister (SSR). Forskrift om skrivemåten av stadnamn har meir detaljerte retningslinjer for kva namneformer som er tillatne og ikkje ved normering av namn.

Kartverket kjem til å trekkja klagen for dei namna der Etne kommune ev. gjer om vedtaka slik me tilrår. I motsett fall må kommunen handsama saka som ved fyrste gongs handsaming med høyring lokalt og ny framleggjing for stadnamntenesta, jf. § 10 siste ledd i lov om stadnamn. Dersom kommunen etter ferdig handsaming held fast på det opphavlege vedtaket, går saka til Klagenemnda for stadnamnsaker for endeleg vedtak.

Vurdering

Her kjem ei opplisting av dei vegnamna som Kartverket har klaga på, deira tilråding og rådmannen si vurdering:

Kartverket om

10. Frettevegen > Frettsvegen (jf. punkt 3.1.b.v i rettleiinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn: «I samansette namn bør ein bruke den samansetjingsmåten som samsvarer med dialektuttalen av namnet.» Namnet har Fretts- i andre namn med denne føreleken, t.d. Frettsstronda og Frettshovda i SSR)

Rådmannen si vurdering:

-Komité Drift har vedteke Frettevegen. Denne er påklaga og vert samanlikna med Frettshovda, Frettsstronda, som er godkjende namn. Komiteen har andre stader i kommunen nytta s i vegnamnet så som Sørstrandsvegen og ein kan absolutt sjå fornufta i Frettsvegen utfrå dette. Ein bør her ta grunngjevinga til følgje og endre til **Frettsvegen**

Kartverket om

17 Havn og 149 Markhushamn: Her bør kommunen vera konsekvente og nytta anten -vn- eller -mn- i namneleken hamn/havn.

Rådmannen si vurdering:

-Ein forstår det slik at både Havn og Hamn er godkjende skrivemåtar. Ein har gått inn for å bruke Havn på Sørstranda og ..hamn på Markhus. Kartverket ynskjer at kommunen einast om ei form, men sidan det er tilråding oppfatar ein ikkje dette som krav og vil tilrå at ein held på det ein har vedteke.

Kartverket om

21 Melandstølen > Melandsstølen (jf. Melandselva og Melandsholmen i SSR)

Rådmannen si vurdering

-Her er det berre ein rettskrivingsfeil og den vert retta opp ved å tilføye ein s til:

Melandsstølen

Kartverket om

28 Matskårvegen: Adressenamnsaka må setjast på vent til klagesaka er gjennomført for primærnamnet Matskor, jf. § 8 fjerde ledd i forskrift om skrivemåten av stadnamn, som fastset at skrivemåten av primærnamnet skal vedtakast fyrst. Det ser ut til at saka vart påklaga i 1995, og etterpå ser det ikkje ut til at det har skjett meir i saka. Kartverket vil senda saka ut på ny høyring med det fyrste for å få saka ferdig.

Det ser elles ut til at kommunen har utegløymt ein s i namnet, men s-en er med i saksutgreiinga (Matskårsvegen)

Rådmannen si vurdering

-Dette vegnamnet vert sett på vent inntil namnesaka er avgjort.

Kartverket om

31 Sæbøvikjo > Sæbøvika (jf. hovudregelen i lov om stadnamn § 4, der det står at stadnamn skal normerast etter gjeldande rettskrivingsprinsipp. Me syner òg til rettleiinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn, punkt 3.1.b.ii: «Sterke hokjønnsord får i bunden form som hovudregel endinga -a.» Namnet på sjølve vika er dessutan normert til Sæbøvika med -a i SSR. Avleidde namn kan ikkje skrivast på ein annan måte enn primærnamnet, jf. § 4 andre ledd i lov om stadnamn: «Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.» Det må elles peikast på at det er normeringspraksis elles i Etne for at desse namna endar på -a.)

Rådmannen si vurdering

-Her er ein inne på lokalt språk og skrivemåtar. I det ein viser til innsende skriv til dept frå Sunnhordland, ynskjer ein å halde på vedteke namn i von om godkjenning på sikt. Kjenner til at andre Sunnhordlandskommunar også krev lokale skrivemåtar med o-endingar i vegnamn.

Kartverket om

37 Tonganevegen > Tangavegen (jf. hovudregelen i lov om stadnamn § 4. Namnet kjem av tange m. I samansette namn skal ikkje førelekken stå i bunden form, dvs. at endingar som -en, -et, -ene og -ane fell bort, og vert ev. erstatta av genitivsendingar som -e, -a og -s.

Rådmannen si vurdering

-Sidan det ser ut for å bli vanskeleg å kunne nytte Tonganevegen, og då Tangavegen eller Tongavegen /Tongane neppe er ynskjeleg å bruke, bør ein gjerne finne eit heilt nytt namn og då vil det kanskje vere rett å vurdere for eks **Industrivegen**. Dette er ikkje knytt til stad og på lik line med Stadionvegen i nærleiken, vil det kunne kjennast rett på sikt.

Kartverket om

45 Vedlene > Vellene (namnet er ei gamal fleirtalsform av ordet voll m., og må fylgja vanlege rettskrivingsreglar, jf. § 4 i lov om stadnamn)

Rådmannen si vurdering

-Her er ein inne på lokalt språk og skrivemåtar. I det ein viser til innsende skriv til dept frå Sunnhordland, ynskjer ein å halde på vedtekne namn i von om godkjenning på sikt.

Kartverket om

63 Underbakkjen > Underbakken (jf. førre. Namnelekkjen -bakken må skrivast som i Skarabakken (namn 77))

Rådmannen si vurdering

-Ser at kj-lyd i bakkjen ikkje er brukt konsekvent alle stader i kommunen. Dette kjem av at det er ulike personar som har kome med innspela og kan gjerne seiast å vere ein tilfeldigheit. Rettast er det truleg likevel å sameinast om «bakken» som skriftspråk. Slik vert det og likt over alt. Talemåten vert nok bakkjen som alltid.

Kartverket om

66 Bergevegen > Bergsvegen (jf. Bergslia og Bergsstølane, jf. òg namn 10)

Rådmannen si vurdering

-Her viser ein til «Frettsvegen» og med bakgrunn i dei same argumenta bør ein ta grunngevinga til følgje og endra til **Bergsvegen**

Kartverket om

80 Skomdalsvegen > Skumdalsvegen (jf. § 4 i lov om stadnamn)

Rådmannen si vurdering

-Litt usikker på kvifor kartverket har sagt frå om at det her må vere Skumdal... sidan Skomdal og er eit godkjend namn i SSR. Ein held fast på **Skomdal...** som vedteke.

Kartverket om

98 og 99 Mortveit Vest og Mortveit Aust > Vestre Mortveit og Austre Mortveit (jf. punkt 3.1.b.v i rettleiinga til forskrift om skrivemåten av stadnamn: «I samansette namn bør ein bruke den samansetjingsmåten som samsvarer med dialektuttalen av namnet. Det er ålment for alle norske dialektar at adjektivet kjem før hovudordet, og det må difor òg gjelda i stadnamn)

Rådmannen si vurdering

-Her er det kommentert frå Stadnamnstenesta at det bør vere **Vestre M..og Austre Mortveit**. Det er ein samde om og går for det.

Kartverket om

112 Tjellevegen: Eit vedtak om Tjella vart påklaga samstundes som Matskor i 1995. Denne saka må difor òg slutførast før adressenamnsaka kan gjerast ferdig, jf. namn 28.

Rådmannen si vurdering

-Dette vegnamnet vert sett på vent inntil namnesaka er avgjort.

Kartverket om

113 Milje Allè > Milja allé (Hovudnamnet Milja må skrivast med -a, som er einaste godkjende skrivemåten i SSR, og i samsvar med nedervd, lokal uttale. Det er SSR, ikkje matrikkelen, som skal vera førande for korleis stat, fylke og kommune skriv stadnamn, jf. § 9 i lov om stadnamn. Andreordet er i denne samanstillinga ikkje eit særnamn, og skal difor ha liten bokstav. Det er vel ein skrivefeil at namnet er skriva med gravisaksent, for namnet må ha akuttaksent for å få rett uttale. Dersom Etne kommune i staden vel Alleen som namneform, fell aksenten bort.

Rådmannen si vurdering

-Er litt usikker når det vert hevda at Milja er einaste godkjende skrivemåten i SSR. Milje er også eit godkjent stadnamn i SSR. Faktaarket viser Milje bru som godkjent stadnamn. Likevel har ein forståing for å skriva Milja sidan dette vert gjort om Miljaelva Miljasæter. Grunna kartverket sin uttale vel ein å gå inn for å bruke a i Milja. Allè bør skrivast med liten a som tilrådt. Ein går for **Milja allè**.

Kartverket om

139 Flåtevegen > Flotevegen (jf. § 4 i lov om stadnamn)

Rådmannen si vurdering

Ved å vise til §4 i lov om stadnamn, vil ein hevde at nedarva skrive- og talemåte for dette

namnet er nettopp Flåte. Det er fleire i grenda som heiter Flåte. Det finst gamle skrifter som omtalar ein tursti mellom Kvammen og Flåte. Det blir etter Etne kommune si meining svært framandt å bruke Flote. Det skal og pressiserast at Flåte både åleine og med tilleggsnamn som bru, hamn er å finne som godkjende stadsnamn i SSR. Ser og at Flote og Flotevatn også er skrive i SSR som godkjent namn for denne staden. Etne kommune ynskjer å halde fast på **Flåtevegen**

Kartverket om

143 Kuskjærvegen > Kuskjervegen (primærnamnet er registert med skrivemåten Kuskjer i SSR)

Rådmannen si vurdering

Her er det snakk om å byte ut æ med e. Noko som utan vidare bør gjerast. Det vert **Kuskjervegen**

Kartverket om

*145 Øyrovegen > Øyravegen (førelekken kan ikkje stå i bunden form i samansetjingar, jf. namn 37, denne samansetjinga tilsvarar å skriva *vekoplan i staden for vekeplan.*

Rådmannen si vurdering

Øyrovegen er viktig for lokalfolket i området, men ein må likevel vere samd i at Øyravegen høyrer rettast ut. Går inn for den.

Kartverket om

162 Bergstød hytteområde > Bergstød hytteområde (Bergstø er no sett som tilrådd skrivemåte i SSR, for denne skrivemåten samsvarar best med gjeldande rettskriving)

Rådmannen si vurdering

Her har Kartverket ikkje sagt klart frå i saka, men ein vel å tolke det slik at dei har ein skrivefeil og at namnet skal vere **Bergstø** utan d. Ein går for det.

Kartverket om

75 Auastadstølen: Kartverket tilrådde i utgangspunktet Audastadstølen, men det står Auestadstølen i SSR, og primærnamnet, dvs. gardsnamnet, har skrivemåtane Audastad og Auastad i SSR. Det tykkjest naudsynt å reisa namnesak for å avklara skrivemåten av desse namna, og Kartverket kjem snart til å senda saka ut på høyring for namnet i alle funksjonar der me har vedtaksretten. Kommunen må difor setja adressenamnet på vent til primærnamnsaka er avklard. Kommunen bør ta kontakt raskt dersom det er andre primærnamn de ynskjer å ta med i saka.

Rådmanen si vurdering

Dette vegnamnet vert sett på vent inntil namnesaka er avgjort

Kartverket om

102 og 103 Øvre og Nedre Veavik: Er desse namna lagde fram for Stadnamntenesta?

Rådmannen si vurdering

Desse namna har vore framlagde for namnetenesta utan merknad frå dei. Ein fastheld på desse.

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
22.10.2015	Påklagd vegnamnliste Etne kommune 2015	1338300

Saksgang:

Komitè Drift

Ny høyring

Komitè Drift(endeleg vedtak)

Utskrift med vedlegg til:

<Fyll inn rett namn og adresse>

Utskrift til:

Utvikling for vidare arbeid